

Retningslinjer tilskot til ENØK - tiltak og tiltak som har flaumførebyggjande eller skadereduserande effekt.

Vedtatt i Utval for klima og miljø 29.08.2023, sak 34/23 og Formannskapet, plan og økonomi 31.08.2023, sak 80/23

“retningslinjene for ENØK tiltak vert gjort gjeldande for stønad til flaumførebyggjande eller skadereduserande tiltak knytt mot private, verksemder, frivillige lag og organisasjonar i Voss herad.”

Retningslinjer tilskot om ENØK – tiltak

Fondet sine midlar skal berre brukast til tiltak som gjev effekt i Voss herad. Heradet skal i tillegg hjelpa til med informasjon om andre aktuelle støtteordningar dersom det er aktuelt.

Tiltak for private

Tilskotsordninga til Voss herad støttar energisparingstiltak for private som ikkje utløyser støtte frå ENOVA. Private kan få støtte til fylgjande tiltak for bustader, burettslag og sameige:

- Luft til vatn varmpumpe
- Luft til luft varmpumpe
- Avtrekksvarmpumpe
- Reintbrennande vedovn
- Etterisolering (tak, vegg og golv)
- Montering av tettelistar
- Lågenergi vindauge
- Energieffektiv belysning
- Varmestyringssystem

Tiltak for verksemder og for frivillige lag/organisasjonar

Tilskotsordninga til Voss herad støttar energisparingstiltak for verksemder og for frivillige lag/organisasjonar som ikkje utløyser støtte frå ENOVA. Verksemder og frivillige lag/organisasjonar kan få støtte til fylgjande tiltak:

- Luft til vatn varmpumpe
- Luft til luft varmpumpe
- Avtrekksvarmpumpe
- Reintbrennande vedovn
- Etterisolering (tak, vegg og golv)
- Montering av tettelistar
- Lågenergi vindauge
- Energieffektiv belysning
- Varmestyringssystem

Ungt entreprenørskapsprosjekt som kjem under målsetjinga kan òg få støtte.

Søknads- og tildelingsprosess

Forvaltninga av fondet er lagt til rådmannen, som fastset kva prosjekt som skal få tilskot, og storleiken på tilskotet etter retningslinjene.

Alle søknadar skal leverast i eige søknadsskjema innanfor søknadsfristen. Tilskot kan gjevast for tiltak som ikkje var avslutta per 01.01.23 og framover så lenge ordninga gjeld.

Tilskot frå kommunen kan berre gjevast tilsegn dersom aktuelt tiltak/prosjekt ikkje har fått, eller søker om tilskot, frå andre offentlege tilskotsordningar.

I søknaden skal det gjevast ei orientering om prosjektet og eit budsjett skal fylgje med. Budsjettet skal byggje på konkrete pristilbod eller realistiske kostnadsoverslag, samt finansiering. Eigeninnsats kan reknast med, timesatsen for eigeninnsats er kr. 350,-.

Private

Øvre tilskotsramme: 50 000 kr

Tilskotet kan gjevast for inntil 30 % av dokumenterte kostnader for hushaldningar med ei samla inntekt over 750 000,- og med inntil 60 % av dokumenterte kostnader for hushaldningar med ei samla inntekt under 750 000,-.

Private med rett til 60 % støtte skal prioriterast.

Verksemder, frivillige lag/organisasjonar

Øvre tilskotsramme: 200 000 kr

Tilskotet kan gjevast for inntil 30 % av dokumenterte kostnader.

Det kan leverast éin søknad per matrikkeleigar og per verksemd.

Ved tildeling skal 50 % av midlane gå til næringsverksemd og 50 % til private. Dersom det er midlar til overs i ei av gruppene vert midlane overført.

Retningslinjer

- Søknadsfrist: 1. november, 2023
- Eige søknadsskjema skal nyttast. Skjema ligg på Voss herad si heimeside.
- Tiltaket må ikkje koma innunder eksisterande ENOVA-støtnadsordningar.
- Private kan søka til eigen heilårsbustad i Voss herad og må sjølv bu i bustaden.
- Verksemder må ha eige organisasjonsnummer og forretningsadresse i Voss herad.
- Støtta kjem inn under «Forskrift om offentleg støtte». Grensa for kva ei verksemd (konsernnivå) kan motta er 200 000 EUR over tre rekneskapsår. Søkar er sjølv ansvarleg for å sikra at verksemda held seg innanfor regelverket om bagatellmessig støtte.

Sluttrapport og rekneskap – utbetaling av tilskot

Tiltak må setjast i gang innan 1 år etter innvilga søknad og vera slutført innan 2 år. Tiltaket må installerast for å ha rett til støtte.

Etter at tiltaket er gjennomført, skal det sendast sluttrapport med rekneskap (inkl. kopiar av billag) til Voss herad. Sluttrapporten skal innehalda ei orientering om tiltaket, dokumentasjon på kva som er gjort og resultatet av tiltaket. Tilskotet vert utbetalt etter ei vurdering av rekneskapen opp mot søknaden og budsjettet. Tilbakemelding med informasjon om utbetalinga vil verta sendt mottakaren av tilskotet.

Vedtatt i Utval for klima og miljø 29.08.2023, sak 34/23

Tilleggsframlegg -stønadsordning for flaumførebyggjande og skadereduserande tiltak

Framlegg til retningslinjer for ENØK tiltak vert gjort gjeldande for stønad til flaumførebyggjande eller skadereduserande tiltak knytt mot private, verksemder, frivillige lag og organisasjonar i Voss herad.

Søknad om flaumførebyggjande eller skadereduserande tiltak vert å senda på likelydande søknadsskjema utarbeidd for tilskot til ENØK tiltak, men søknad vert merka flaumførebyggjande eller skadereduserande tiltak.

Føremål:

Voss herad kan gje stønad til tiltak som verkar flaumførebyggjande eller skadereduserande. Stønadsordninga er retta mot eigedommar og bygg som er særskilt utsette for skadeflaum og/eller som ligg i aktsemdsområde for flaum.

Døme på tiltak for støtte:

- Montering av tilbakeslagsventil på avløp på eksisterande anlegg
- Etablering av pumpeynk, samt innkjøp av lensepumpe og slangar
- Flaum og erosjonssikring
- Innkjøp av privat flaumvern
- Innkjøp og installering av luftavfuktar i særskilt utsette flaumområde

Verksemder og frivillige lag må ha organisasjonsnummer for å søkja.

Ordninga varer så lenge det er midlar att (7 mill kr til ENØK-tiltak og 1 mill kr til flaumtiltak)